

Ny organisering av festivalen



Johan Helgetun frå Surnadal Utvikling representerer stiftarane for Norsk Laksefestival.

Norsk Laksefestival er formalisert som ein stiftelse etter år med meir dugnadsprega innsats frå alle involverte.

Sidan oppstarten har Norsk Laksefestival vore eit samarbeid mellom dei tre hovuddrivarane Surnadal Elvaeigarlag, Surnadal Jeger- og fiskeforeining og Surnadal Utvikling, men samarbeidet har ikkje vore formalisert og festivalen har hatt ei meir dugnadsprega organisering.

På tide

Dei tre stiftarorganisasjonane meiner det var på tide at ei slik organisering vart sett i gang, og etter ein lengre prosess kom ein fram til at ein stiftelse er den beste løysinga for festivalen. - Dette gir ei juridisk plattform og meir synleggjorte formål med arbeidet, seier Johan Helgetun, som var med som stiftar gjennom Surnadal Utvikling.

Det naturlege namnet på stiftelsen er Norsk Laksefestival, og grunnkapitalen er 300 000 kroner. Eit fond skal også byggast opp og eit eige fondsstyre skal forvalta fondet. Frå stiftelsesdokumentet heiter det "Stiftelsens formål er å skape aktivitet og begeistring lokalt, nasjonalt og internasjonalt for de verdier fiske, friluftsliv og lakseelva Surna representerer for surnadalssamfunnet og for de som kommer til Surnadal kommune."

Open organisasjon

Årets laksefestival er den første i rekka driven i stiftelsen sin regi, den nye organiseringa har vore aktiv frå 1. januar i år. - Praktisk har denne organiseringa lite å seia, men det er formelt ryddigare med klare reglar og vedtekter, meiner Helgetun.

Han seier vidare korleis det er viktig for Norsk Laksefestival å bli oppfatta som ein organisasjon flest muleg i samfunnet vil bidra for å få til å arrangera.

- Vi er avhengige av det. Ein open profil er viktig, surndalingane skal ha innsikt i det som går føre seg og høve til å setta farge på festivalen, seier han. Dette ønsket blir understreka med avgjerda om at styret for stiftelsen kvart år skal kalla inn til eit ope møte om drift og handlingsplanar i organisasjonen.



Møtte veggen



Rune Gjeldnes og Tone Jorunn Tveito i kamp i klatreveggen. Bygdas store son Gjeldnes stakk til slutt av med ein knepen seier.

- Møter han veggen her? hoja konferansier Gunnar Aamot Hansen da Rune Gjeldnes sleit hardt for å komma vidare i den store klatreveggen i går.

- Nei, vadelekt! sa ein forbigpasserande publikummar da konferansier Hansen spurte henne om ho hadde planer om å ta turen opp i klatreveggen. Men om ikkje alle ønskte å ta fram klatremuseigenskapane sine, så var det andre som let seg freista.

Sleit hardt

Og klatrekamp vart det og, mellom eventyraren Rune Gjeldnes og friluftsjenta Tone Jorunn Tveito. På kvar si side av veggen måtte dei begge slita hardt for å komma opp dei siste nødvendige metrane etter at dei hadde susa lett opp den loddrette veggen i starten.

Det var Fyresdal Event som stilte med den ti meter høge mobile klatreveggen som folk kunne prøva seg i utanfor kulturhuset i går, og tilbodet var populært.

Dagen vart starta med den prestisjefulle, om enn uhøgtidelege kampen mellom Gjeldnes og Tveito.

Så snart startskottet gjekk stakk båe to lett og ledig oppover veggen. Gjeldnes sikra seg snart ei lita leiing,

men Tveito var ikkje langt bak og mot midten av veggen hadde ho ete opp forspranget.

Seks meter opp gjekk dei inn i veggens vanskelegaste punkt, og der vart det hardbart for både den eine og den andre.

Tålmod

- Han har snakka om at tålmod er viktig i villmarka, no må han ta det fram. Han har takla polhavet, taklar han dette? ropa konferansieren og gjorde sitt beste for å heia eventyrar Gjeldnes oppover i veggen. I fleire minutt stod konkurrentane fast på same høgde og det var tydeleg at klatringa tok på, dei rista på både armar og bein for å prøva

å finna ny styrke.

Til slutt vart det Gjeldnes som fekk samla seg snarast og tok det siste nødvendige steget for å nå opp til karabinkroken på toppen og krev seieren. Like etter tok Tveito sats og byksa seg opp til toppen, men ho måtte innsjå at det vart ein knepen seier til polfararen.

- Det vart drygt. No skal eg feira med mykje kaffe utover dagen, slo Gjeldnes fast mellom tunge pust da han kom ned.

Og som ei ekstra feiring fekk han eit spontant stev frå folkemusikaren Tveito, før dei overlet veggen til alle andre ivrige klatrarar.

Klatreveggen vart populær blant mange ivrige klatrarar.



Pål var først med sin første

Berre ein halvtime etter at fiskekonkurransen hadde starta, fekk Pål Nermo frå Løten napp ved fiskeplassen på Mauset.

Han forstod kjapt at det var ein bra ein på kroken, for fisken drog han eit godt stykke nedover elva før han fekk landa han. Det gjekk likevel kjapt og greitt, og kvarteret seinare kunne han vega inn kveldens første fangst i konkurransen til 6,05 kg. Etter nokre år på Tellesbø har Nermo dei par siste åra vore hos Øyvind Holte, og fisken han fekk fredagskvelden var den første han har fått i Surna.

- Det har vore noko svel før berre, sa han like etter at laksen hadde komme opp, godt fornøgd med fangsten.

Den sindige karen tok ikkje av over fangsten, men han hadde ingen planer om å fortsetta utover natta.


- Nei, det er viktig med måtehald, ein fisk får halda, smilte han. Av tilskodarane på Mauset meinte nokon at laksekongen allereie var klar, men elvalagsleiar Georg Solem slo fast at det kom til å komma noko større utover natta.

Og det fekk han rett i, han var av dei mange som gliste fornøgd over mykje flott fisk i konkurransen da sluttsignalet gjekk klokka ni laurdag morgon.



Pål Nermo fekk napp etter berre ein halvtime og kunne dra i land ein 6 kilo tung laks.

SURNADAL HOTELL



Surnadal er en av portene til Trollheimen, et av Norges mest fantastiske fjellområder med merkede turstier og gode fiskemuligheter.

Bred og frodig ligger dalen ned mot fjorden, og mellom store veldrevne gårdsbruk glir en av Norges beste lakse- elver, Surna.

Surnadal Hotell ligger idyllisk mellom fjord og fjell, midt i herligheten, og er derfor et svært godt utgangspunkt for en variert, aktiv og spennende opplevelse.

Vi har rettigheter til lakse- fiske i Surna, samt jakt og fiskerettigheter ved Kårvatn.

Velkommen!

Overnatting • Restaurant & Bar
Kurs & Konferanse • SPA & Relaks avdeling • Opplevelser

www.surnadalhotell.no
Tlf. 71 65 71 00 - Faks 71 65 71 01

1/2 pris på bilvask hele søndag

ESSO

SURNADAL SERVICESENTER

Tlf. 71 66 14 95

Bruk Næringshagen som laksekontor!

Næringshagen for Indre Nordmøre ligger midt på Skei. I Næringshagen finnes en rekke selvstendige bedrifter; Avis, advokater, utmarksrådgivere, teknisk tegner, regnskapsførere, webdesignere og mange flere. Lokalene er topp moderne med en blanding av åpne kontorlandskap, kontorceller, fellesområder og møterom.

Nå har du mulighet til å ta en arbeidsdag eller flere selv om du er på hytta eller prøver laksefiske i Surna. Hos oss får du leie gjestekontor akkurat den tida du trenger. Fra våre lokaler har du utsikt til deler av Surna! Kanskje vil du ta med deg forretningsforbindelser for å kombinere forretning og fornøyelser og trenger møtelokaler?

Vi kan tilby:

- Gjestekontorplasser med bredbåndoppkobling og telefon, i åpent landskap eller eget kontor.
- Videokonferanserom
- Tilgang på kopimaskin, skriver, faks og frankeringsmaskin.
- Moderne møtelokaler (med mulighet for å bestille mat og drikke).
- Sekretærtjenester til en gunstig timepris

Ta gjerne **KONTAKT** på telefon **71 65 55 20 / 71 65 55 12** eller e-post: post@nhin.no



Solem Sag

6653 Øvre Surnadal
Tlf. 71 65 91 61

- Laftetømmer
- Villmarkspanel
- Spesialdimensjoner

Alle gode ting er av tre

LAFTEHØVLERIET AS

6653 Øvre Surnadal
Tlf. 47 41 00 00

Mobilt høvleri for alt innen laft



– Eg er stolt!

Etter mange år i Surnadal ønske festalkunstnar Knut Schneider å gi noko tilbake til bygda.

Knut Schneider var svært så stolt da han opna salsutstillinga si på første dag av festivalen. "Surnadalsbilder" var ei naturleg utstilling å laga for kunstnaren som kjenner seg heime i nordmørs-bygda.

Knut Schneider er utdanna reklameteiknar frå Kunsthåndværkerskolen i København og har brei erfaring innan reklame og illustrasjon mellom anna som art director i reklamebyrå i Oslo. Schneider er fødd og oppvaksen i hovudstaden og med det ekte bygut, men det er langtifrå noko hinder for også å trivast på bygda, og i Surnadal har han funne både fiskarelv og gode venner.

Gode venner

Når han no stiller ut akvarellar under tittelen "Surnadalsbilder" handlar det mykje om å gi noko tilbake til bygda han sett slik pris på. Schneider har nokre veker kvar sommar vore fast inventar ved elva på Tellesbø i over ti år, med kun ein sommars avbrott.

– Da hadde eg hjarteinfarkt, så det trur eg var gyldig fråværsgrunn, smiler kunstnaren sjøl. Han fortel at han kjenner seg knytt til Surnadal. Han har både mange venner og ei svigerinne buande i bygda og første besøk i dalen var for mange tiår sidan. Sjøl om elva er ein drafaktor er det kanskje ikkje fisket han sett aller høgst. Eller som han seier det sjøl:

– Eg har aldri vore nokon stor trussel mot laksen i Surna.

Med varaordfører

Utstillinga er dominert av landskapsbilete frå Surnadal, og mange landemerke er representert, både Mo kyrkje og kalkgruvene på Glærum har fått plass.

– Eg er veldig naturalistisk. Eg likar bilete eg ser kva er og som eg kan gå tur i. Og slik blir bileta mine, seier kunstnaren. Han peikar også på risikofaktoren i det å måla akvarellar.

– Målar ein med oljemåling kan ein måla over eller skrapa vekk. Vassfargene går på hundre prosent bomullspapir og når penselen blir set ned, da sit det der. Og av og til går det gale. Dei bileta der det gjekk riktig gale er ikkje med hit da, gliser Schneider.

Osломannen er stolt av å ha eiga utstilling i Surnadal. Og ekstra stolt var han over å få ei staseleg opning av utstillinga, med fungerande ordfører for dagen Jenny Klinge på plass.

– Eg hadde aldri venta å få ein varaordfører hit. Ho er det ikkje eg som har bestilt, smiler festival-kunstnaren fornøgd. Utstillinga heng i Finstuå heilt til fredag.

Knut Schneider var stolt av å få varaordfører Jenny Klinge som opnar av utstillinga.



Sjøfiskar i elva



Tim Adler ladar opp ved Brekkøya camping før ei lang natt med fiskekonkurranse.

Med heimplassen i havgapet på verharde Veidholmen er det sjøen som er den vanlegaste fiskarplassen for Tim Adler (12). Men under Norsk Laksefestival finn han plassen sin i elva i jakt på storlaksen.

Tim Adler sit på ein benk ved Brekkøya kort tid etter at startskottet har gått for fiskekonkurranse fredag kveld. Han ventar på at klokka skal passera ni slik at han som reglane tilseier kan fiska der han vil i sona si langs elva og ikkje berre på den plassen han har fått utdelt for den første timen av konkurranse. Det er andre året 12-åringen

er med i fiskekonkurranse i Surna, der han er blant dei yngste deltakarane.

– Eg fekk ingenting i fjor, seier fiskaren, men legg til at han ikkje stod heile natta i fjor.

– Eg fekk litt vondt i hovudet så eg måtte slutta. Men i natt har eg tenkt å halda meg ute heile tida, smiler han.

Den unge fiskaren er i Surna saman med venner og tykkjer det er artig å fiska i elva til forandring for sjøfiske, som han driv med ein god del heimomkring. Medan han ladar opp drømmer han om storfiske, men han har ikkje all verda til tru på at han stikk av med seieren, enda om alle som stiller opp kan vera heldige. Og kor stor fisk ønskjer han seg?

– Eg vil han skal vera ein meter lang i alle fall, smiler 12-åringen lurt.

God økonomi starter med god rådgivning!



Gratis ØkonomiService!

ØkonomiService er en fullstendig gjennomgang av økonomien din sammen med en rådgiver. Vi har flere gode løsninger innen både forsikring, sparing og finansiering. Som medlem av LOfavør har du ekstra gunstige fordeler.

Kontakt oss i dag og bestill ØkonomiService, og sikre deg og din familie de økonomiske mulighetene- og tryggheten dere trenger!

Snakk med en våre dyktige rådgivere i Surnadal: Irene Haugen, Merete Larsen eller Eli Nordvik Mæhle.

Ring oss på 07300 eller kom inn vårt bankkontor på Skei.

Irene Haugen 73 58 63 66

Merete Larsen 73 58 63 69

Eli Nordvik Mæhle 73 58 63 67

Marit Bratseth (banksjef) mob. 95 90 80 36

Vit at vi er der.

SpareBank 1 Midt-Norge

Samarbeidspartnere ved Rossåa settefiskanlegg i Todalen gratulerer Statkraft med det nye anlegget



Vi har levert og montert rørteknisk anlegg



Tlf 57 85 68 80 Faks 57 85 68 81 www.stadpipe.no

Rørteknisk arbeid og leveranser, del 1, er utført av oss



6440 ELNESVÅGEN - Tlf 71 26 65 50

Ansvar for prosjekteringsarbeidet



ELEKTROTEKNIKK: MB Consultants AS ARKITEKT: Colin Anspach AS VENTILASJONSTEKNIKK: Sunnhordaland Ventilasjon

Elektroentreprenør



Bratseth & Gikling
Installasjon as

Nordmørsveien 31, KRISTIANSUND Tlf 71 69 99 10



Asplan Viak har utført følgende:

Utredning av vannforsyning

- grunnvannsundersøkelser
- prøvepumping av grunnvannsbrønner
- prosjektering av elveinntak

www.asplanviak.no

Får møta Idol-gjengen

-etter over 4000 stemmer



Etter å ha sjarmert publikum frå scena på Amfi-senteret er Hans Olav Settem (frå venstre), Nelly Skjøldsvold og Øyvind Hassel Weiseth klare for finale i Amfi-Idol 11. juli.

Under Amfi-Idol kunne publikum gjera slik dei gjer på "ekte" Idol; bruka mobiltelefon til å stemma fram sine favorittar. I overkant av fire tusen stemmer vart registrert, og dei tre som fekk flest var Hans Olav Settem, Nelly Skjøldsvold og Øyvind Hassel Weiseth.

Blant dei fjorten påmelde under laurdagens Amfi-Idol var det tre deltakarar som skulle gå vidare til finalen 11. juli. Dei tre vil da få møte idola frå TV2 sitt konsept, som kjem til Surnadal under årets Idol-turné. Dei tre finalistane frå Amfi-Idol vil også få vera med på lydprøvar saman med Aleksander Denstad With, Jonas Thomassen og resten av gjengen som er med på årets turné. Det skal vidare kårast ein vinnar av Amfi-Idol som får vera med idol-gjengen å synga på scena under konserten på Syltøran.

Imponerte

Det var ikkje enkelt å stemma på berre ein av deltakarane under forestillinga på Amfi-senteret, for alle leverte varene, som det heiter på Idol-språket. Til og med Tor Milde ville vorte imponert om

han hadde vore til stades, for det var talent i fleng. Og når dei i tillegg har enorme mengder av "det vesle ekstra" er det vanskeleg å ikkje bli sjarmert. Dei tre som imponerte mest av alle var Øyvind Hassel Weiseth, Nelly Skjøldsvold og Hans Olav Settem som song "Too much love will kill you", "Fotball e supert" og "Hallelujah". Dei hausta enorm applaus frå publikum etter dei opptredde under konkurransen, og jubelen stilna slett ikkje etter at juryformann Ole Magne Ansnes presenterte namna på dei tre vinnarane. Som seg hør og bør, så måtte alle tre opp på scena for å framføra songen sin på nytt, til stor begeistring for publikum.

Sver premie

Etter at jubelen hadde stilna, kunne dei tre finalistane fortelja at dei ikkje var klar over kor gjev premien deira var. - Eg visste ikkje at premien var å møta idol-gjengen og få vera med dei på lydprøve, innrømmer Øyvind Hassel Weiseth, som er vokalist i The Halså Hazel Band. - Eg visste heller ikkje det, men det blir kjempegøitt, jublar Nelly Skjøldsvold og frå støtte frå Hans Olav Settem. Ingen av dei trong betenkningstid på spørsmålet om det var artig å stå på scena:

- Kjempegøitt, svarar dei tre mesta i kor, og smiler.

Mange stemmer

Over fire tusen stemmer tikka inn under konkurransen, og Nelly trur mor henna stod bak ein del av dei:

- Det var nok mamma som stemte flest gongar på meg ja, smiler ho. Hans Olav trur dei var kompisane som var ivrigast med telefonane, men mistenkjer og storesøster for å ha ein finger med i spelet. Øyvind var ikkje heilt sikker på kvar alle stemmene kom frå, men også han har sine mistankar: - Pappa kanskje, seier han fornøgd. Han håpar at TV2 vil satsa på Idol i fleire år framover, slik at han kan melda seg på når han blir gammal nok. - Eg blir seksten om tre år, og om dei framleis held på, så kjem eg heilt sikkert til å melda meg på. Hans Olav vil og gjerne melda seg på noko slikt, medan Nelly ikkje er heilt sikker, ho held seg foreløpig til Amfi-Idol. Den 11. juli blir det avgjort kven av dei tre som får stå på scena saman med Idol-kjendisane under konserten på Syltøran, noko alle tre ser på som eit stort mål før finalen. - Det hadde vore verkeleg artig, meiner Nelly, og Hans Olav og Øyvind nikkar. - Vi får sjå da veit du, frå no av er vi konkurrentar, flirar dei tre.

Norsk Laksefestival

Vi ønsker å takke alle utstillere, sponsorer og festivaldeltagere for nok en suksessrik laksefestival!

ING. I. SÆTHER AS

AMFI
EIENDOM ASA

DRIVA

Surnadal
Sparebank
www.bank.no

Statkraft

Surnadal
Kommune

ELEKTRO AS
tlf: 71602352 . fax: 71602350 . mobil: 90023310
www.elektro.no

møbel-fiske
SURNADAL A/S - TEL 71 65 77 90

DOMTJUS
Senter

SURNADAL
TRANSPORT AS

PIPELIFE

EIK
SENTERET
Vi er der når du trenger oss

UNHJEM
Gull & Sølv

MIKKELSEN MASKIN AS
maskinentreprenør
6650 SURNADAL

Advokatfirmaet
Lundemo DA
Tlf: 71 65 55 00

Hydro
Texaco

SURNADAL
HOTELL

AMFI
SURNADAL

ICA

BYGGMAKKER
Surnadal

CUBUS

INTERSPORT
OLAF MOEN efft. A.S

SKEI FARGEHANDEL

NORSK KVALITETSMAT

REMA 1000

GJENSIDIGE
Surnadal

Svorka

SpareBank 1
Midt-Norge

RØV MØLLE AS

Amfi – Norges største senterfamilie



Søndagsåpent

Ta turen innom AMFI Surnadal på Norsk Laksefestivals siste dag. Vi har åpent

14-18

og i butikkene bugner det av gode tilbud!

amfi.no

AMFI  SURNADAL

Åpent: man-fre: 10-19 • lør: 10-16

POSESALG!
(I TROLLUNGENS GAMLE LOKALER,
VIS AVIS CUBUS)

150,-

CUBUS

AMFI Surnadal Tlf 71 65 74 70
www.cubus.no

SKINNJAKKE
DAME
199,-

SANS SOUCIS,
3 PRODUKTER
150,-

Vinner du andeløpet? Vi har gode råd for sparing og plassering!

Vi er blitt kåret til
Norgesmester i
klassen BSU!*

Med tre gull-
medaljer de siste
fire årene viser vi at
vi tar ungdom på alvor.
Og vi legger oss selvsagt
i hardtrening for å forsvare
vår posisjon som **nummer 1.**

* Dine Penger - 08.02.2006



www.bank.no



Surnadal
Sparebank
www.bank.no

Boks 54, 6656 Surnadal
Tlf: 71 66 27 00
Amfi: 71 66 27 00

Halsa: 71 55 83 50
Kr.sund: 71 67 70 10

**ALLE
dongeri
bukser**

**1/2
PRIS**

Gjør et dongerikupp hos
b.young®

AMFI Surnadal • Tlf 71 65 74 40

Amfi - Norges største senterfamilie

Gratulerer!

AMFI Surnadal gratulerer Hans Olav Settem, Nelly Skjoldsvold og Øyvind Hassel Weiseth med finaleplassene i årets Amfi-Idol. Vi ser frem til å kåre en vinner på Syltøran den 11. juli, og gleder oss til vinnerens opptreden sammen med idol-gjengen.

AMFI SURNADAL

amfi.no

Søndagsåpent 14-18

Seier trass potetproblem

Poteten koka ikkje så fort som jentene håpa, men alt ordna seg til slutt og vidaregåandelevane Maja Bævre, Ragnhild Mogstad og Anita Svensli stakk av med kokkeseieren i ungdomsklassen.

Ungdomskokkekamp er ein ny post på programmet for årets laksefestival, og på trass av kort frist var det to tøffe lag som stilte opp til kokkelering frå hovudscena i går føremiddag. Med publikum tett på kjente dei nok presset, men dei fem jentene på scena let seg ikkje affisera i framtryllinga av lekre lakserettar. Med både fagjury og folkejury med stemming på sms vart det eit breitt vurderingsgrunnlag for kokkane, og løpet var jamt, kunne Janne Haugen frå juryen avsløra. Men ei avgjerd måtte vi ha, og det vart til slutt det eldste laget som trekte det lengste strået. Maja Bævre, Ragnhild Mogstad og Anita Svensli laga steikt laks med poteter og rømmesalat og flott presentasjon på fatet samt ein litt rikare smak enn motstandarane si laksesuppe vart til slutt avgjerande. Gjengen smilte blidt da dei drog i land seieren, men deltakarane viste at konkurranseånden var sunn og god med gode klemmar og gode ord om motstandaren. Frå arrangørane vart det lagt vekt på det gledelege i at

dei fem unge damene deltok, og dei vart alle sett pris på med gratisbillett til utefesten som premie. Vinnarlaget fekk i tillegg eit lekkert knivsett i premie.

Vinnarretten var pannesteikt laks med sitronpeppar og koka poteter på ei seng av rømmesalat bestående av isbergsalat, letrømme, sitron og sukker.

– Til neste år satsar vi hardare på ungdomskokkekampen, det er så mange som har lyst til å laga mat, det handlar berre om å få dei opp på scena, det kan vera litt skummelt.

Dei er så tøffe som stiller, desse jentene. Laks er eit supert utgangspunkt for å laga enkel, sunn og ikkje minst god mat, meiner Maren Ansnes frå arrangørane, som også berømmer kjøkkenlærarane Mary Moen og Bente Sylte på Surnadal ungdomsskule og vidaregåande skule.

Ragnhild Mogstad, Maja Bævre og Anita Svensli stakk av med seieren i ungdomskokkekampen.



Dei fire konkurrentane samla på eitt brett: Erling Olsen, Mohammad Rashed, Hasse Faberg og vinnar Tor Rune Halset.

Kokkeseier nok ein gong

Tor Rune Halset fekk mange fleire sms-stemmer enn konkurrentane makta å samla til saman, og det avgjorde til slutt ein usedvanleg tett kokkekamp.

Fjorårsvinnar Halset viste seg frå si beste side også under årets kokkekamp og til slutt makta han å stikka av med seieren for andre år på rad. Men det var ikkje utan kamp, jury-medlemmane sine poengskjema viste at seieren var så knapp som han kunne bli, med Hasse Faberg frå Surnadal Hotell som den som pusta Halset i nakken. Men til slutt vart det altså gourmetmåltidet trylla fram av Halset som gjorde mest lykke, kokken fekk eit knusande fleirtal av sms-stemmene frå publikum. – Ferdig! jubla Halset lenge før dei andre kokkane hadde fått dandert tallikane sine, og med det viste han at han kunne laga god mat og laga han fort.

I klassen for dei faglærte kokkane var det ingen av deltakarane som på førehand visste kva ingrediensar dei hadde å arbeida med bortsett frå "hovudattraksjonen" laks. Dei vart presentert med kvar si korg med råvarer like før starten av konkurransen og måtte på kort tid bestemma både menyen og stå for utforminga av han. Ingrediensane varierte frå kamskjel til polarbrød, og det var mange kreative idear å sjå på borda hos Mohammad Rashed, Erling Olsen, Hasse Faberg og Tor Rune Halset. Juryen sine smakslokar let seg imponera aller mest av regjerande meister Halset og konkurrenten nærmast ved bordet, Faberg. Jurymedlem Maren Ansnes bemerkta at ho var begeistra for Faberg sin potet, laga som rösti. Ho var i det heile tatt godt fornøgd med å få smaka på lekre lakserettar i alle former og farger. – I går var det kavring og surmjølk til middag, sa og antyda med det at standarden nok hadde gått litt opp.

På trass av sterk konkurranse var det altså ingen som kunne slå Halset i år heller, og blid og fornøgd kunne han tre på seg den litt for tronge kokkelua som kunngjorde at han er årets laksekokk 2006.

Tor Rune Halset smakar på sin eigen sigersrett.



Damms store roseleksikon

før 549,- **nå 249,-**

Malesett - lite

før 298,- **nå 99,-**

Malesett - Medium

før 398,- **nå 149,-**

Malesett - Stort

før 498,- **nå 199,-**

Stort utvalg i DVD'er

NOTABENE

Teltet åpent
12-17
Søndag

GRILLMENY

SURNADAL
HOTELL

Tlf 71 65 71 00

ÅPNINGSTIDER
SØNDAG

Boder

12-17

Festivalkontor

10-18

Tlf 948 04 088

Ansvarlig utgiver: Norsk Laksefestival
Opplag: 2000
Layout: Amfi Kreativ AS
Trykk: Blankett-Service

Red. avsluttet: 25.06 kl 20.00